

Å R S M E L D I N G

2001/02

Styret i JFK har i 2002 bestått av:

Leiar	Per-Ivar Weydahl
Nestleiar	Øystein Bakke
Sekretær	Anne Mette Gården
Kasserer	Arild Storkjørren
Styremedlem:	Lars Klemet Jakobsson

Varamedlem	Ellen Geilo
Sikkerheitsansvarleg	Per Ivar Weydahl
Revisor	Nils Arne Haugen og Tor Ekre
Valgmemnd	Ulf Ryen og Roar Valbjørgsløkken

Klubben hadde i 2002 ca. 50 medlemmer.

Førre årsmøtet vårt vart halde på Vågå hotel mars 2002 med ca 10 frammøtte. Etter møtet synte Øystein Bakke video frå eigen aktivitet.

KLUBBAKTIVITET

Styremøter:

Det har vore ca. 5 styremøter dette året. I tillegg er avgjerder teke på meir uformell måte v/samtaler, tlf.osv.

Enkelthendingar m.m.

- Styre vedtok å støtte Gongga Shan ekspedisjonen med kr. 5000,-
- Styret har har sagt ja til å stille med klatring i Vågåhallen under Vågådågå i juni
- Dugnad for å borre og skru opp klatretak og "sikringsnett" på barneskula i Moom
- Klubben deltok i allidrettsdag i Vågåhallen på haustparten
- Innkjøp av ein Chrash Pad (vedteke på årsmøtet, ligg på Raastad)

Klubbmesterskap 08.02.2003

Resultatliste

Barn under 10 år:	Julie Faarup
Jenter 10-14 år	Jeanette Olderløkken
Gutter 10-14 år	Christoffer Faarup
Junior gutar 15-18 år	Steinar Tande
Senior menn:	Ole Ragnar Bakkom

På kvelden var det sosialt lag på Vågå hotel med pizza, øl, brus og fjellsportslege ljusbillete v/Per-Ivar Weydahl.

• Klatretrening i Vågåhallen:

Også denne sesongen har vi hatt hallen 2 kvelder for veka. Måndager har det vore barneklatring frå 19.00-20.00 og "vaksenklatring" frå 20-22. På torsdagar har det vore vaksenklatring frå 20-22. Frammøte har vore noko varierende blant ungar og vaksne, men den siste tida har vore svært stort oppmøte både blant vaksne og barn.

Klubbmedlemmer har ellers vore med som ledere/ansv. for allidrett, Otta ungdomsskule m.v.

• Samlinger:

Den årlege pins-samlinga i Romsdalen hadde god oppslutning og med eit framifrå ver. Det vart klatra både på Slettafossen, Boblevæggen og Hornaksla. Nokre var og ein snartur oppom Juratind.

I juni var det klatresamling i Molladalen. Usikre meldingar medførte at kun to reise vestover. Av ruter som var gått kan nemnast Molladalsgubben frå sør (10 tl.) og Sofaruta

Hautsamlinga forsvant i intet til tross for mykje fint ver på hausten

I tillegg kan nemnast at vårsesongen starta med 2 fellesklatrekveldar, ei i Tronoberget og ei ved Nessebru. Det var sparsomt oppmøte.

KLATREAKTIVITET

Det vil naturlegvis føre for langt å ta med alt som er gjort siste året. Men for å vise noko av mangfaldet og aktiviteten tek vi med noko. Om vesentlege ting er utegløynt får vera oss unnskyldt.

Utlandet:

Fyrst må nemnast Gongga Shan ekspedisjonen, som satsa friskt men som ikkje fikk folk på toppen, men alle heile heim. Bra jobba!!

Ola Iver og Hilding var i Fontainebleu i Frankrike i 10 dagar. Sivert har vore 2 veker i Chateouver og ei veke i Orpierre i Frankrike.

Øystein og Yvonne var på klippeklatretur til Cassisi i Frankrike

Sivert var på ca. 6 mnd. lang utanlandsklatrereise i Thailand, Australia og USA.. Øystein Bakke har vore på skibomstur i Kaukasus feb. 2003.

Isklatring/vinterklatring:

Arild og Per-Ivar gjekk ei islinje opp frå Liavatnet

Per-Ivar fikk endeleg gått Skastølsryggen på vinterstid (16. nov.)

Ola Iver, Sivert og Per-Ivar har gjekk Jukulkula i des.

Ulf og Roar gjekk Melungsåe i januar, det samme gjorde Anders Nordnes

Per-Ivar gjekk Romsdalshorn i februar 2003 via ny rute (?).

Skikøyring:

Dag Inge Bakke vant Tinderittet frå Dyrhaugsryggen til Turtagrø

Øystein Bakke er fast inventar på Helly Hansens lag for ekstremskikøyring

Sommarsesongen:

Stein Ove gjekk Norskeruta på Goksøyra 19. mai

Ola Iver og Per-Ivar gjekk Vestveggen på Storen. Stein Ove, Arild og Per-Ivar gjekk nord-austpillaren på Søre Dyrhaugstind

Per-Ivar gjekk Mot Sola på Hægerfjell

Sivert fikk første fribestigning av playmoman (7-) og har og har elles gått diverse ruter på Hægergjell og i Bøtraktane.

Hilding blei klubbens første niarklatrar, då han gjekk Skinn og bein på Mjelhammaren.

Seinare gjekk han og niar på Hell.

Ulf gjekk maanngge 2000 meterstoppar som trening til Gongga Shan turen, over 50.

Terje og Therese representerte Jotunheimen fjellsportklubb i samband med markering av "Fjellenes år" med tur til Tjørnholstid i august.

På klippe må nemnast Hildings heroiske innsats for å få etablert harde ruter i dalføret. I ekstremt regnvær borra han jevnt og trutt og fikk etablert harde ruter (sjå elles vedlegg).

